

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Fylkesrådet for eldre  
Kulturavdelinga, pb. 173  
6801 FØRDE

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**  
2014/720 - 4118/2014

**Sakshandsamar:**  
Kristin Osland Lexow 51963800

**Dato:**  
30.07.2014

## **Oppnemning av representant til det regionale brukarutvalet i Helse Vest 2015-2017**

Det regionale brukarutvalet blei etablert av styret i Helse Vest RHF i 2002, sak 051/02. Medlemmer av det regionale brukarutvalet blir utpeikte for to år om gongen. Noverande medlemmer blei oppnemnde sommaren 2012. Styret i Helse Vest skal oppnemne nytt brukarutval for perioden januar 2015 til januar 2017 i desember 2014.

Brukarutvalet består av 10 brukarrepresentantar, og har om lag 10 møter i året.

I styresak 009/12 vedtok styret i Helse Vest følgjande prinsipp for samansetting av det regionale brukarutvala, og desse er som følgjer:

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) foreslår høvesvis 6 og 1 medlemmer kvar. Fylkeseldreråda foreslår 1 medlem, organisasjonane frå rusområdet foreslår 1 medlem og Kreftforeningen foreslår 1 medlem. Det skal også fremjast forslag om varamedlem. Organisasjonane skal foreslå ein breiast mogleg representasjon av medlemsmassen, slik at ulike pasientgrupper innan både somatikk, psykiatri og TSB blir representerte.

I dei nye retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest, styresak 043/14, står det at følgjande kriterier skal gjelde for samansetting av det regionale brukarutvalet:

- Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande, og bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.
- Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til forbetring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av egne og andre sine erfaringar.
- Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TBS (tverrfagleg spesialisert rusbehandling) skal vere representerte i det regionale brukarutvalet.
- Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper, og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på egne interesser, er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.
- Medlemmane skal vere geografisk jamt fordelte i regionen, det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.

I tråd med dette inviterer vi Fylkeseldreråda om å føreslå 1 brukarrepresentant med vara til det regionale brukarutvalet i Helse Vest for perioden 2015-2017. Brukarrepresentanten må ha eiga brukarerfaring og kompetanse innan brukarmedverknad, og skal representere brukarar frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Frist for å sende inn forslag er 1. oktober 2014.

Med helsing

Ivar Eriksen  
Eigardirektør

Kristin Osland Lexow  
Rådgivar

(Denne førespurnaden vert også sendt som brev)

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)